

Sak 7 Styrehonorar til lagsstyret

I førebuing til årets budsjett blei det vurdert å legge inn eit honorar til styrearbeid, men vi meinte det var naudsynt med ei grundigare vurdering av dette. Dette blir i så fall ein ny post, og årsmøtet bør aktivt ta stilling til om laget skal innføre styrehonorar. Om styrehonorar vert innført er det ei rekke sekundære saker som må fastsetjast, - kor stort skal det vere, korleis skal det fordelast mellom lagsleiar og styremedlemmer, kven som skal gjere framlegg om storleiken på godtgjerdsbla. Det kan føyst til at om honoraret vert stort, vil det kunne utløyse krav om arbeidsgjevaravgift og skattlegging hjå mottakaren.

Til det prinsipielle spørsmålet er det kjente argument:

- Mot: Verv bør vere frivillig og ikkje motivert av pengar. BUL har aldri hatt tradisjon for honorar.
- For: Innsats bør belønnast og anerkjennast. Den enklaste måten å gjere det på er ved styrehonorar. Honorar kan også verke motiverande på rekrutteringa.

I diskusjonen i styret har desse argumenta vore framme: Det har i seinare tid vore vanskeleg å rekruttera til faste verv, ikkje minst til verv i hovudlaget. Honorar vil kanskje særleg motivere yngre og studentar. Med honorar vil det også vere rimeleg å auke krava til innsats frå dei som vert valde. Mot dette er det hevda at det neppe er særleg kraft i desse argumenta fordi honoraret det her er snakk om vil vere lågt. Det kan også vere uheldig om ein får tillitsvalde som er meir interessert i eiga vinning enn lagets ve og vell.

Styret har vore samde om at spørsmålet bør drøftast på årsmøtet i 2023, men ikkje gjerast gjeldane før for styret som vert valt på årsmøtet i 2024. Om styrehonorar skal innførast bør framlegg om storleik og utforming ikkje kome frå styret, men frå eit uavhengig organ. Om årsmøtet ønskjer å innføre styrehonorar meiner styret at valnemnda bør få oppgåva med å gjere framlegg om storleik og utforming av styrehonoraret.

For ordens skuld tek vi med at styret i dag har større rabatt enn ordinær medlemsrabatt i Kaffistova, på Heimen og i hotell Bondeheimen. Styret har same rabatt her som dei tilsette i konsernet Bøndenes Hus AS. Styret får også (til liks med m.a. særlagsleiarar) rabatterte billettar på Det norske teatret. Desse ordningane bør halde fram uavhengig av kva avgjerd årsmøtet tek om styrehonorar.